

## MØTEBOK

|                 |   |
|-----------------|---|
| <b>Organ</b>    | <b>Fellesnemnda sitt tilsetjingsutval</b>                           |
| <b>Møtestad</b> | <b>Hordaland - Fylkeshuset i Bergen, fylkesutvalssalen, 3. etg.</b> |
| <b>Møtedato</b> | <b>30.04.2018</b>   |
| <b>Kl.</b>      | <b>10:00 – 12:00</b>  |

### Følgjande faste medlemmer møte:

| Namn                    | Funksjon  | Representerer |
|-------------------------|-----------|---------------|
| Anne Gine Hestetun      | Leiar     | A             |
| Åshild Kjelsnes         | Medlem    | A             |
| Pål Kårbø               | Medlem    | KRF           |
| Silja Ekeland Bjørkly   | Medlem    | H             |
| Bjørn Erik Hollevik     | Medlem    | H             |
| Roald Stenseide         | Medlem    | FRP           |
| Jenny Følling           | Nestleiar | SP            |
| Sigurd Erlend Reksnes   | Medlem    | SP            |
| Marius Kjørmo           | Medlem    | AKAD          |
| Svein Torbjørn Sandvold | Medlem    | LO-K          |

### Frå administrasjonen møte:

| Namn           | Stilling               |
|----------------|------------------------|
| Johan J. Meyer | Jurist/sekretær        |
| Hege Rødland   | Partner Visindi        |
| Hege Solbakken | Seniorrådgivar Visindi |

Møtet vart lukka under behandling av PS 3/18 i samsvar med kommunelova § 31 (4) «når hensynet til personvern krevjer det.»

Protokoll frå møtet 24.04.2018: ingen merknader.

**SAK 4/18 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

**VEDTAK:**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

-----

**SAK 5/18 Referatsaker / skriv og meldingar**

**Følgjande skriv og meldingar vart handsama:**

Ingen referatsaker.

-----

**SAK 6/18 Tilsetjings sak - prosjektleiar / ny fylkesrådmann**

**Frå tilsetjingsutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. .... vert tilsett i stillinga som prosjektleiar/ fylkesrådmann i den nye fylkeskommunen.
2. Den som vert tilsett tek til i stillinga som prosjektleiar etter nærare avtale.
3. Fellesnemnda delegerer fullmakt til ..... til å gjere avtale om løn og andre vilkår for stillinga.

**Endringsframlegg:**

**Anne Gine Hestetun** sette fram slikt forslag:

«Tilsetjingsutvalet rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Rune Haugsdal vert tilsett i stillinga som prosjektleiar/ fylkesrådmann i den nye fylkeskommunen.
2. Fellesnemnda delegerer fullmakt til eit utval beståande av fylkesordførar Jenny Følling, varafylkesordførar Pål Kårbø og gruppeleiar i Høgre Silja Ekeland Bjørkly til å gjere avtale om lønsvilkår og andre vilkår samt tidspunktet for å ta til i stillinga. Utvalet vert leia av fylkesordførar Jenny Følling»

**Avrøysting:**

Hestetun sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Tilsetjingsutvalet rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:**

1. .... vert tilsett i stillinga som prosjektleiar/ fylkesrådmann i den nye fylkeskommunen.
  2. Den som vert tilsett tek til i stillinga som prosjektleiar etter nærare avtale.
  3. Fellesnemnda delegerer fullmakt til ..... til å gjere avtale om løn og andre vilkår for stillinga.
-

